



Aukra Kommune
Oppvekst og kultur
6480 Aukra

BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENTET
POSTBOKS 8004 DEP
0030 OSLO

Aukra 27.10.2005
Vår ref: 01/00657-14

Saksb: SIG Ark: A1 & 00

BARNE- OG FAMILIEDEP.	KASS AR.
ARKIVNR.: 330.01	
08 NOV 2005	
SAKSBEH	SIGN:
KSNR.: 2005/03580	

Svar ang. høring - forslag til revdiert rammeplan for barnehagen.

Høyringsarbeidet i Aukra kommune har hatt ei arbeidsgruppe bestående av styrarane i dei tre barnehagane i kommunen og pedagogisk konsulent. Forslaget frå arbeidsgruppa til Moser og høyringsforslaget frå dep. har vore gjennomgått og drøfta på tre møter. Mellom desse møta har kvar barnehage arbeidd i sine personalgrupper, som har kome med innspel til arbeidsgruppa. Høyringssvaret er samanfatta og ført i pennen av pedagogisk konsulent.

Generelt.

Aukra kommune ser det som positivt at det har kome ei revidering av rammeplanen. Det har skjedd mange endringar både fagleg og samfunnsmessig sidan den første kom. Ein nemner då. Desse endringane har også Aukra kommune merka på barnehageområdet og ser ei revidering velkommen.

Forslaget til ny rammeplan har blitt vesentleg nedkorta med mellom anna at fag og metodestoff er fjerna. Dette stiller krav til den einskilde barnehage/kommune om å formulere lokal rammeplan eller å konkretisere arbeidet i Årsplana. Det er difor eit sterkt ønske frå barnehagane i Aukra at det vert utarbeidd temahefter som kan vere eit supplement til rammeplanen i det daglege arbeidet i barnehagane.

Aukra kommune er godt nøgd med at moment frå dagens rammeplan er tatt inn i ny barnehagelov.

- Innholdsparagrafen (§ 2) har vorte utvida og det nye som er kome inn er med å styrkje barnehagen si rolle som viktig oppvekstarena og arena for livslang læring.

Om tilsette i barnehagen er nemninga "personale" brukt som heile personalet. (med unntak av ei setning i kap 7.) Vi saknar at det i alle fall i byrjinga av planen er teke med ansvarsfordelinga som er mellom styrar, pedagogiske leiarar og resten av personalet. Elles positive til at alle tilsette vert sett krav til og at relasjonen mellom vaksne og barn er sett i fokus og at det er poengtert at kvaliteten på relasjonane mellom vaksne og barn og mellom barn er en viktig forutsetnad for kvalitet i barnehagen.

Heilskapsynet på barna som rammeplana legg til grunn vert vist ved at alle gjeremål i barnehagen er like viktige med tanke på barns utvikling.

Til kapittel 1 Barnehagen sine oppgåver i samfunnet.

Leiken si rolle for barna sin oppvekst er ikkje teken med i dette kapittelet. I dagens rammeplan under kapittel 5.4 Leik står det: "I dagens samfunn har barns leik ofte dårlege vilkår.....Å støtte opp om barns lekemuligheter er derfor en av barnehagens viktigste oppgaver." Ønsker dette vidareført i ny rammeplan då vi meiner dette er ei av barnehagen

sine viktigaste roller. Ein må vidare passe på at leik ikkje vert redusert til metode for å oppnå dugleiksnivå, difor kunne det vore fint med meir presisering av leik som aktivitet og eigenverdien av den. Mellom anna rolleleiken si betydning.

Til kapittel 2 Grunnleggande omgrep og prinsipp.

Vi er veldig godt nøgd med heilskapssynet på barn som er beskrive i plana og understrekinga av at barndommen har eigenverdi som livsfase.

Det er ikkje noko eige kapittel om barn med særskilte behov i forslaget. Men punkt 2.1 andre avsnitt framhevar at alle barn har ulike behov og at eit likeverdig barnehagetilbod krev individuell tilrettelegging.

Barns medverknad. Vårt utgangspunkt er at barn, kvar dag, uttrykker seg og prøver å få medverknad på sin barnehagekvardag. Difor meiner vi at det først og framst er "dei stille" barna som må stimulerast til å uttrykke kva dei meiner, vi meiner at dei ikkje treng stimulering til å tenke sjølv. Meiner difor at formuleringa i pkt 3 om dette er misvisande. Vaksenrolla vert avgjerande for om barn får medverknad på sin kvardag eller ikkje. Dersom personalet ser kor viktig dette er og evnar å ta barneperspektivet vil dette bli gjennomført på ein god måte. Difor ønskjer vi at personalet si rolle på pkt. 2.3 må kome sterkare fram enn det den gjer.

Samarbeid mellom heim og barnehage. Barnehagen har ei stor utfordring ift samarbeidet med familiar frå andre kulturar. Foreldremedverknad og samarbeidet med familiar frå andre kulturar er presisert og forsterka i forhold til gjeldande plan. Dette er naturleg i forhold til samfunnsendingane som skissert tidlegare. Barnehagen må i større grad legge vekt på formidling av andre kulturar og familieane til barn frå andre kulturar må kome meir på banen i forhold til å formidle kva dei ønskjer at barnehagen skal ta opp i seg av kulturaktivitetar. Dette arbeidet har blitt sett fokus på i strategiplana "likeverdig utdanning i praksis".

Vi meiner at det fysiske miljøet som pedagogisk verkemiddel kjem godt fram i forslaget. Glad for punktet om universell utforming – og at leikeplassane er tekne på alvor. Det fysiske miljøet i barnehagen er ein viktig pedagogisk faktor som er ein av forutsetnadene for god kvalitet.

Til kapittel 3 Barnehagens verdigrunnlag.

Vi er godt nøgd med forankring av verdigrunnlag i lovteksten sin § 2..

Godt nøgd med at det står at barnehagen ikkje skal ha opplæring i tro men om tro. Sjølv om vi er godt nøgd med dette ligg det her og ei stor utfordring i å kunne formidle om tro og troshandlinar frå dei forskjellige religionane/kulturar som er representert i barnehagen.

Til kapittel 4 Omsorg og oppdragelse.

Fint at det er poengtert at omsorg har verdi i seg sjølv, og at omsorg er forutsetnad for barns utvikling og læring.

Til kapittel 5 Leik og læring.

Sosial kompetanse. Sosial kompetanse – begrepet er godt innarbeidd i barnehagekvardagen for personale, foreldre, samarbeidsutval og... Det er eit aktivt omgrep som beskriv handling. Å vere sosialt kompetent vil seie å ha tileigna seg og å kunne utøve sosial kompetanse. Vi meiner at dette omgrepet må førast vidare i ny rammeplan, då sosial dugleik og sosial forståing ikkje er dekkande for omgrepet sosial kompetanse og fordi det er innarbeidd i barnehagekvardagen til alle partar. Vidare meiner vi det er viktig å vise for foreldra at det er

det ein gjer, altså handlinga i sosial kompetanse som er viktig, ikkje om du har sosial forståing eller sosiale dugleik. Har betydning og bør gjennomsyre punkta 5.1, 5.2 og 5.3 i høyringsforslaget.

Til kapittel 6 Barnehagens fagområder.

Til fagområda generelt vil vi kommentere at vi likar veldig godt at det er ein prosessorientert plan og at det er prosessmål som er laga under fagområda.

Vidare er det bra at personalet vert stilt krav til under kvart fagområde.

Det er på fagområda at plana er mest forpliktande med formuleringane "...skal barnehagen bidra til at barna...." og "...må personalet i barnehagen..."

At det vert forpliktande og konkret er vi godt nøgde med. Det som er utfordringar i dette er:

- Tid til å gjennomføre og å vere innom alle punkta. Sjølv om ein tenker at barna skal vere innom i løpet av barnehagelivet og ikkje kvart år.
- Ressursar til å kunne hente inn kompetanse der ein ikkje internt i barnehagen/kommunen har kompetanse eller utdanne eigne tilsette for slik å heve kompetansenivået.
- Ressursar til å kjøpe utstyr som ein treng for å gjennomføre tiltaka.

Vi ser og gjennomgåande i fagområda at det er meir vekt på skoleførebuande aktivitetar og at personalet skal "oppmuntre" barna til handlingar innan dette, for eksempel skrive bokstavar. Frå å ha "mata" dei som tok initiativ sjølv, skal no alle innom..... Vi meiner dette får utfordringar av pedagogisk art ut over det som har vore gjeldande til no og vi meiner difor dette har konsekvensar for pedagogtettleiken i barnehagen. Sjå oppsummering til slutt.

Språk, tekst og kommunikasjon.

Å ikkje ta inn omgrepet ikt/digitale verkty i ny plan vil vere å utelukke ei av dei samfunnsendingane som er grunnlag for revidering av plana. Det er viktig at alle barn blir kjent med bruk av digitale verkty. Kvardagen til barn flest er fulle av digitale verkty, så eit minimum for barnehagen si rolle er å inkludere dei av barna som ikkje har slikt utstyr heime. Vidare må barn bli kjende med dei digitale verkty som kvardagen er fylt med og at bruk av ikt/digitale verkty er meir enn spel på datamaskin.

Punktet "utvikle morsmålet som sentral komponent i personleg og kulturell utvikling" er teke vekk. Forsking visar at å ha eit godt utvikla morsmål er grunnlag for å tileigne seg nytt språk. Skal barnehagen ikkje ha noko rolle i dette? Er ikkje dette særskilt viktig når barnehagen no skal drive skuleførebuande aktivitetar i større grad enn tidlegare? Kva er å "gi særskilt støtte til barn med to- eller fleirspråkleg bakgrunn...." kan dette vere tospråkleg assistanse? Dette har vore nedtona i barnehagane, medan behovet er aukande. Det er ikkje lett å ta imot barn som ikkje kan noko norsk og møte det og føle at ein ikkje strekk til i kommunikasjon. Det er god omsorg i å kunne møte barna også med tospråkleg personale.

Kropp, bevegelse og helse.

Vi meiner at ei omdøyping av fagområdet gjenspeglar ei meir heilskapleg tenking på individet kor det er fleire områder som har betydning for god helse. Med allsidig bruk av og kompetanse om kroppen vil ein lære barn gode vaner for livet.

Eit godt tilrettelagt fysisk miljø ute og inne er viktig og underbygger leikearealet som pedagogisk verkemiddel i barnehagen. Tilgangen til gode områder utanfor barnehagen likeeins.

Natur, teknikk, miljø.

Ikt – visar til tidlegare omskrive om ikt/digitale verkty.

Nærmiljø og samfunn.

Ikt – Visar til tidlegare omskrive om ikt/digitale verkty.

Til kapittel 7 Planlegging, dokumentasjon og vurdering.

Ser at det kan vere viktig og lurt å lage kommunal rammeplan som konkretiserer noko av rammeplanen i forhold til lokale behov/vår ståstad.

Betydninga av bruk av observasjon må kome inn i ny rammeplan.

Dokumentasjon i form av nedteikningar av einskildbarn er eit problematisk område i forhold til personvernomsyn. Vi ønskjer ei presisering av dette.

Til kapittel 8 Samarbeid.

Saknar vi at samarbeid med andre barnehagar ikkje er med? Det er kanskje underforstått når det skal vere likebehandling og at eg tenker på det fordi vår kommune er liten og at det er naturleg for oss å samarbeide??

Overgangen barnehage – skole er vi godt nøgd med at skal årsplanfestast. Dette fordrar eit formelt og godt samarbeid mellom barnehage og skole. Dette bør og kome inn i skoleverket sine mandat.

Til slutt om forutsetningar for god implementering av revidert rammeplan i barnehagen.

Kompetanseplan:

Bevisstgjerjing av synet på barn og barndom, "nye" grupper barn/foreldre, medverknad av barn og foreldre styrkt, dokumentasjon stilt større krav til, læring i barnehagen, nye element som filosofi, fleirkulturelle spørsmål kjem inn i ny plan. Dette stiller krav til gode kompetanseutviklingsplaner for implementering av plana i personalgruppa. Også etter- og vidareutdanningsløp bør vurderast. Med meir fokus på førebuaende skoleaktivitetar bør pedagogtettleiken aukast.

Fagleg styrking:

Ei anna forutsetning er å auke pedagogtettleiken. I ein barnehage som får auka betydning for livslang læring og kor læringsbegrepet kjem sterkare inn og element frå skolekvardagen kjem sterkare inn må ein og ha større pedagogtettleik

Høgskolemiljøet/utdanningsmiljøet må ta dette inn over seg.

Økonomi:

Det er viktig at det vert sett av midlar frå sentralt hald til kvalitets og kompetanseutvikling i samband med reforma. Dette er den avgjerande forutsetninga for implementeringa.

Tilskottet til staten yter til kommunane vil måtte styrkast samtidig som det må setjast av øymerka tilskott til utviklingstiltak.

Med helsing



Sissel Oliv Garseth
ped.konsulent